

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

| | |
|------------------|---|
| Råd: | Stord sokneråd |
| Tid: | Torsdag 23.jan 2025 Kl. <u>19.00 – 21.00</u> |
| Møtestad: | Kyrkjekontoret (Sæ 21) |
| Opning: | Magne |

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele og Dag Kjetil Læg Reid (1. vara), Runar Isdahl (2.vara) og Åslaug L. Nag (3.vara)

SAKLISTE

2025/01- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2025/02 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

2025/03 - 350 Kyrkjemusikalsk arbeid i soknet

vedl 1+2

Kyrkjemusikar Noah Wibe deltek i møtet og gir ei orientering om det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet. Soknerådet ønskjer særleg å høyre om moglegheiter og utfordringar i arbeidet, og korleis soknerådet kan bidra til eit godt kyrkjemusikalsk arbeid i soknet.

Aktuelle tema for samtalen:

- Salmar på Osvald pub
- Forsongarteneste og bruk av mikrofonar?
- Kyrkja som konsertarrangør
- Lokal kyrkjemusikalsk plan

To dokument er under utarbeiding:

- Framlegg til lokal kyrkjemusikalsk plan
- Framlegg til retningslinjer for konsertverksemd og delegert mynde til kyrkjemusikar i høve konsertar og anna utleige av kyrkja til musikalsk føremål

Moment frå samtalen:

- Salmar på pub planlagt første fredag i månaden februar, mars og april. Gode musikkrefter deltek saman med Noah.
- Forsongarteneste fungerer godt og det er kjekt å vere med. Dialog kring bruk av mikrofonar der ein anerkjenner at det er argument både for og mot. Det var lagt vekt på at ein ønskjer å sjå forsongarane, og at det er fint med ei lita forsterking i mikrofon (men ikkje sånn at det vert solosong).
- Jazzgudsteneste. Kyrkjemusikar spør om vi har økonomi til å hente inn folk utanfrå? Soknerådet har bevilga pengar til kyrkjemusikalsk arbeid i budsjettet, m.a. til jazzgudsteneste, så det er i orden.
- Konfirmantband – ikkje i år, men kan bli til neste år om det er interesse for det blant konfirmantane og om kyrkjelydspedagogane ser dette som tenleg.
- Folk er generelt veldig begeistra over musikken i kyrkja og set pris på arbeidet Noah gjer. Lettare å synge no, og samanlikna med i andre kyrkjer. Gode songval og passe høgt tonenivå.
- 6. - 8. april – fasteaksjon – arbeid med å få til ei fasteaksjonskonsert i kyrkja
- Framlegg til retningslinjer for konsertverksemd og delegert mynde til kyrkjemusikar i høve konsertar og anna utleige av kyrkja til musikalsk føremål.
Sjå eget skriv (vedlagt i innkalling)
- Under reglar for utleige. Noen formuleringer endres.
a. Utleigeinformasjon, søknadsskjema og prisliste ligg
- b. kutte hele punkt to

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- c. Sal av varer, til dømes bøker og CD-ar skal godkjennast på førehand og kan berre skje i vestibylen/våpenhuset eller utanfor kyrkja. Sal er ikkje lov i samband med gudstenester.
 - Kommentarar: Ikkje bruke vestibylen, men kun «i våpenhuset».
 - Kan ein stå bak bakerste benk? Vi tenker at dette skal skje i våpenhuset. Billettsal i våpenhus, men å ta imot billetter kan skje innanfor dørstokken, bak bakerste benk.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande og støtter det vidare arbeidet innanfor kyrkjemusikken. Framlegg til lokal kyrkjemusikalsk plan og retningslinjer for konsertverksemd, inkludert delegert mynde til kyrkjemusikar vert godkjend som framlagd med dei endringane som kom fram i møtet:

- Lokal kyrkjemusikalsk plan:
 - o Nytte omgrepet «Salmar på Osvald».
 - o Legg til eit punkt under generelle satsingar om at ein ønskjer å halda fram med den tradisjonelle julekonserten.
- Retningslinjer for konsertverksemd:
 - o Forenkla teksten om søknadsprosess med færre detaljer.
 - o Inkludere at kyrkjemusikar kan godkjenne billettsal / innsamling av pengar.
 - o Presisere at evt sal av varer ikkje skal skje i kyrkjerommet.

(Sjå referatvedlegg 1 og 2 med oppdaterte dokument)

2025/04 -317 Gjevarteneste og takkoffer

Soknerådet vedtok ved budsjetthandsaming for 2025 å ta opp som eigen sak korleis ein kan auke inntektene til soknet. Rådet har og fått eit innspel frå styret i Kyrkjestova Fredheim med førespurnad om sjå på digitale løysingar som gjer det lettare å verte faste gjevar. Soknerådet får ei orientering i møtet om aktuelle løysingar og kva ein har funne ut om desse.

Moment frå samtalen:

- Barbro Andersen (medlem i styret for Kyrkjestova Fredheim) har sett litt på ulike digitale løysingar og vore i dialog med Reidun og Jan Owerveg ved kyrkjekontoret. Firmaet Solidus verker å ha den beste løysinga og Barbro har fått eit indikativt tilbod.

Vedtak:

Soknerådet ønskjer å gjere følgande tiltak for å auke inntektene til soknet:

- gi tid under gudstenestene til å gi kollekt, t.d. gjennom lenger forspel på songane så ein slepp å vippse medan ein syng.
- gi informasjon under kunngjeringane om kva som kom inn i førre kollekt og kort informasjon om kva dagens kollekt går til.
- innføre betre digitale løysingar som kan forenkla gjevartenesta, både fast gjevarteneste og enkeltstående gåver og kollekt, t.d. løysinga frå Solidus.

Sokneråd ber kyrkjevevja følgje opp dette saman med representantar frå soknerådet og styret i Kyrkjestova, med mål om å få eit konkret tilbod og sjekke om/korleis ein innfører eit slikt nytt system.

2025/05 - 411 Innspel frå soknemedlemmer vedr. bruk av høyreapparat i Stord Kyrkje

Soknerådet har fått innspel frå medlemmar i soknet om at det for folk som bruker høyreapparat som opplever at det er vanskeleg å få med seg kva som blir sagt i Stord kyrkje, spesielt av prestane. Dette oppleves problematisk, og det er ønsket at soknerådet ser på denne saken.

Moment frå samtalen:

- Soknerådsleiar har fått litt info frå kyrkjevevja om at det har vore gjort undersøkingar. Desse tyder på at det er best forhold på pianosida, inn mot veggen. Det er ikkje noko apparat i kyrkja for å sjekke dekninga, så ein må ha med seg nokon med høyreapparat, og det er ikkje laga noko kart som viser dekninga.
 - Det kom fram i møtet at nokre har erfaring med best dekning på andre sida...

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Som eit offentleg tilbod har vi eit ansvar for at det er universelt tilrettelagd og vi tenkjer det ikkje er ei god nok løysing at ein må sitje nær veggjen på pianosida (då ser ein ikkje i staden for...)
- Anlegget skal vera i orden, men er tidvis utkobla når det er konsert. Viktig å sjekke at det er skrudd på igjen etter konsertar.
- Det kan vere ei utfordring at dei som snakker ikkje har tydeleg uttale.

Vedtak:

Soknerådet ber kyrkjeverja følge opp dette for å betre tilhøva for dei med høyrselshemming, t.d. gjennom følgjande tiltak:

- Oppmode prestar og andre tilsette om å vere tydeleg i uttalen.
- Kartlegge kor det er god dekning og undersøkje korleis ein evt kan betre dekninga.
- Lage ein plakat med informasjon til dei det gjeld, som viser med kart kor det er god dekning, og med oppmoding om å si frå til kyrkjetenar om ein høyrer for dårleg.
- Kjøpe inn eit apparat som gir kyrkjetenar moglegheit til å teste dekninga sjølv.

2025/06 - 212 Høyringsuttale ifm tilsetjing innan trusopplæring (UOFF, ref Offentleglova §13)

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
 - a. Møtehelg m/ Per Arne Dahl
 - b. Deltatt på Utdanningsmessa på Vikahaugane
 - c. Innsetjing for ny prost Arild Steinsland – full kyrkje!
 - d. Lys Vaken til helga
 - e. Andakt/gudsteneste på sjukeheimen – dialog kring fasilitetar og tilrettelegging
 - f. God aktivitet i kyrkjene våre. Aukande antal på gudstenestene frå førre året.
- ~~2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut~~
3. Oppdatering på arbeidet med hjelpesending til Cuba
 - a. God aktivitet med bra volum på innsamlingskveldane – men me har plass til meir! Ein innsamlingskveld til (5.feb). Finansiering av å sende container er på plass, men framleis treng me pengar til mat og toalettartiklar.
4. Oppdatering på arbeidet med infoskjermar i kyrkja / på kyrkjekontoret
 - a. Skjermar i kyrkja og på kyrkjekontoret ikkje montert enno, men er på gong.
5. Evaluering – medarbeidardag 9.januar

Godt gjennomført. Balansert og god forelesning. Gode gruppesamtalar.
Forslag til tema neste gong: «arbeidet i utvala, rollene våre der.» Tilsett – frivillig.

Anders Dahl
soknerådsleiar

Kirsti Frugård
referent